



FUSA KOMMUNE
Ordfører

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Løpenummer : 11/223
Arkivkode : FE-110, FA-S01, TI-&26
Sakshandsamar : Hans S. Vindenes
Direktenr. tlf. : 56580110

Dato : 11.01.2011

Vår ref.:
Saksnr.: 11/13 - 2
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 1970 - 9	
DATO 13 JAN. 2011	
AN	EKSP.

NY LOV OM ELSERTIFIKAT, UTALE FRÅ FUSA KOMMUNE

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Fusa kommune ser behovet for klimavenleg energi som framtidretta næring. Kommunen er og einig med regjeringa i at eit felles svensk-norsk sertifikat er ei god ordning for å få til ei slik satsing.

Fusa kommune har til retteltag for utbygging av fornybarenergi, og i 2010 vart 3 småkraftverk sett i drift med ein samla produksjon på 35 GWh, og med ei samla investering på 115 millionar kroner. Dette har også gjeve næringslivet i kommunen eit positivt løft.

Desse 3 småkraftverka vil ikkje få ta del i ordninga med elsertifikat tross for gitte lovnadar frå sentrale politikarar og skiftande regjeringar.

Fusa kommune ber om at alle kraftverk som er i gangsett etter 1. januar 2004 får ta del i den nye ordninga med elsertifikat.

Med helsing

Hans S. Vindenes
Ordfører